



## INNHOLD

Ordføraren .....	2
Personalnytt.....	3
Kommuneplanen.....	4
Korssund dykkeklubb.....	5
Biblioteket .....	7
Kommunedelplan .....	8
Klippe, klippe.....	10
Ny tid med nettrett .....	14
AV-OG-TIL .....	15
Småskulen i Guddal .....	16
Dalsfjordsambandet .....	17
Ungdommens kommunestyre .....	18
Nye volontørar .....	19
Klassetur til Polen og Tyskland .....	20
Fjaler 100 år.....	22



Hege Vagstad pryda framsida av  
førre kommuneplan for Fjaler.  
Før ferdiggjering av ny plan ynskjer  
vi å lage nye bilete som skal  
illustre Fjaler kommune.

## Kommuneplanen

Korleis vil du at Fjaler skal utvikle seg dei neste åra? Fjaler kommune er no i oppstarten for ny kommuneplan som skal legge føringar for korleis vi vil ha det i kommunen vår både på kort og lang sikt. Dersom du er interessert i samfunnsutvikling er tida inne for å meine noko no.

Sjå side 4



Frå venstre: Linda Leirpoll, Leonore Wünsche og Max Secher Quorning som utgjer arbeidsutvalet i ungdommens kommunestyre

## Ungdomen vil vera med på utviklinga

Ungdommen er framtida vår – og vi er heldige som har eit engasjert ungdommens kommunestyre som har meininger og visjonar for samfunnet vårt. Ei av dei viktige sakene dei jobbar med er korleis vi skal få meir samhandling mellom ungdommane i kommunen.

Sjå side 18

ORDFØRAREN HAR ORDET

# Gode fjalerbuar!



*Ordførar  
ARVE HELLE*

Tlf. 57 73 80 52  
Mobil 917 37 562  
Epost:  
[arve.helle@fjaler.kommune.no](mailto:arve.helle@fjaler.kommune.no)

*Ordføraren er å treffe i skrangen  
på sørviskontoret første onsdag  
kvar mnd. kl. 08.30-11.30*

**FJALER KOMMUNE**

Pb. 54, 6961 Dale i Sunnfjord  
Tlf. 57 73 80 00 / Faks 57 73 80 01

*Besøksadresse: Sørviskontoret,  
Fjalerhuset i Dale*

[post@fjaler.kommune.no](mailto:post@fjaler.kommune.no)  
[www.fjaler.kommune.no](http://www.fjaler.kommune.no)

*Teknisk vakt: tlf. 951 83 515*

*NAV Fjaler: tlf. 55 55 33 33  
kl. 09.00 – 15.00 / helle året*

*Arbeidstid i Fjalerhuset/  
på Helsetunet:*

*I tida 15. sept. til 14. mai:  
kl. 08.00 – 15.45*

*I tida 15. mai til 14. sept.:  
kl. 08.00 – 15.00*

*LEGEKONTOR: tlf. 57 73 81 80*

**FJALER FRAMOVER**

I desse dagar startar vi arbeidet med kommuneplanen for Fjaler for dei nærmaste 4 åra. Du synest kanskje kommuneplan høyrest kjedeleg og byråkratisk ut, men det er det slett ikkje.

Kommuneplanen er det viktigaste dokumentet i kommunen og det legg føringar for all aktiviteten som skal føregå i Fjaler framover.

Har du planar for dei kommande åra eller meininger om korleis kommunen skal utvikle seg dei nærmaste åra, er det no du må engasjere deg.

Spesielt arealforvaltning er eit tema det er mange meininger rundt. Kommuneplanen legg sterke føringar på korleis dei ulike areala i kommunen skal nyttast framover, og det er særskilt viktig at dei som har tankar og meininger rundt dette kjem på bana no og deltek i prosessen.

**AKTIV PROSESS**

Vi legg opp til å involvere innbyggjarane sterkt i prosessen med kommuneplanen. Det vil bli fleire folkemøte og høyringar i prosessen, og det er elles berre å ta kontakt med oss om det er ting de ønsker å få med.

Kommunestyret er inndelt i tre

arbeidsgrupper som skal leie arbeidet med planen. To grupper skal arbeide med arealplanen, ei for Dale sentrum og ei for resten av kommunen. Den siste gruppa skal arbeide med samfunnsdelen av planen.

Eg håpar at du som innbyggjar engasjerer deg i dette arbeidet. Når planen er vedteken er det for seint å kritisere innhaldet. Vi treng engasjerte innbyggjarar som har meininger og som ønskjer å få ting til å skje i Fjaler!

Mottoet for arbeidet må vere; Saman skal vi utvikle Fjaler!

**ENGASJEMENT AVGJERANDE**

At engasjement nyttar fekk vi nyleg eit godt bevis på. På sist fylkesting fekk Våge kvinne- og familielag tildelt fylket sin trafikktryggleikspris for sitt framifrå arbeid med å få gatelys for å gjøre vegane i ytre Fjaler tryggare for mjuke trafikantar. Dei engasjerte dameane har gjort ein kjempejobb gjennom mange år både med dette og andre prosjekt.

Eg bøyer meg i støvet og sender mine hjartelegaste gratulasjonar!

*Arve Helle*

**ANSVARLEG REDAKTØR:**

Rådgjevar Ola Hovland, tlf. 57 73 80 55. E-post: [ola.hovland@fjaler.kommune.no](mailto:ola.hovland@fjaler.kommune.no)

**REDAKSJON:**

Ingeborg Tysnes, tlf. 57 73 80 44. E-post: [ingeborg.tysnes@fjaler.kommune.no](mailto:ingeborg.tysnes@fjaler.kommune.no)

Kårhild Hustveit, tlf. 57 73 80 08. E-post: [kaarhild.hustveit@fjaler.kommune.no](mailto:kaarhild.hustveit@fjaler.kommune.no)

Margrete Reisæter, tlf. 57 73 80 20. E-post: [frivilligsentralen@fjaler.kommune.no](mailto:frivilligsentralen@fjaler.kommune.no)

*Redaksjon avslutta 01.11.2012.*

*Utgåver 2012: April - november. Opplag: 1300*

*Informasjonsbladet BRUA er gratis og vert fulldistribuert til alle husstandar i Fjaler og til utflytte fjalerbuar etter nærmare avtale.*

*Ta kontakt med sørviskontoret, tlf. 57 73 80 00.*

*Utforming: FinDriv A5. Trykk: IHP*

## PERSONALNYTT



Ingvard Flekke.



Ivar Vårdal.



Charlotte Willemoes.

- *Ann-Cecilie Viken er tilsett i 75% stilling som sjukepleiar i arbeidslag 1.*
- *Solbjørg Samdal er tilsett i 60% stilling som assistent i Flekke barnehage.*
- *Anne Bortheim er tilsett i 100% stilling som assistent i Flekke barnehage.*
- *Svein Ove Løseth er tilsett i 70% stilling som fagarbeidar ved Fjaler ungdomsskule.*
- *John Trygve Mulhearn Evensen er tilsett i 100% undervisningsstilling ved Dingemoen skule.*
- *Ida Haugsbø er tilsett i 100% undervisningsstilling ved Dingemoen skule*
- *Synnøve K. Strand er tilsett i 100% undervisningsstilling ved Dingemoen skule.*
- *Siri Tømmerbakke Arstein er tilsett i 100% undervisningsstilling ved Våge skule.*
- *Solveig Nitter er tilsett i 100% undervisningsstilling ved Våge skule.*
- *Espen Farstad er tilsett i 52% stilling som reinhaldar ved f.t. Yksnebjør barnehage.*
- *Silje Myklebust er tilsett som barneværnkonsulent ved HAF5 interkommunale barnevernsteneste.*
- *Hillary Hamper er tilsett i 50% stilling som helsesøster.*
- *Sissel Olset er tilsett i 60% stilling som helsesekretær.*
- *Eva S. Meier er tilsett i 60% stilling ved arbeidslag 3.*
- *Marita Sørland er tilsett i 70% stilling ved arbeidslag 3.*
- *Katrine J. Field er tilsett i 100% stilling som ergoterapeut/folkehelsekoordinator.*
- *Inger-Johanne Kråkenes er tilsett i 70% stilling som reinhaldar ved f.t. Dingemoen skule.*
- *Martin Lundgård er tilsett som Rådgjevar personal.*
- *Ingvard Flekke er tilsett som rektor ved Flekke skule og barnehage.*
- *Charlotte Willemoes er tilsett som leiar ved HAF5 interkommunale barnevernsteneste.*
- *Ivar Vårdal er tilsett som leiar for fysioterapitesta.*

## Martin Lundgård - ny rådgjevar personal



Martin er 32 år og begynte i den nye jobben no på seinsommar- en. Han tok over jobben etter Ingvard Flekke.

Martin vaks opp i Øyer kommune nedst i Gudbrandsdalen. Køyring på ski i nedoverbakke var ein viktig aktivitet i oppveksten – noko som er naturleg sidan Hafjell ligg i same kommune.

Han studerte i Bergen – først to avdelingar på juss før han gjekk over på 3-årig studie i økonomi på Høgskulen i Bergen, med fordjuping i logistikk det siste året. Rett etter studiane starta han i sin første jobb som var for Norgesmøllene. Her fekk han etterkvart ein jobb med mangfold i arbeidsoppgåver og store utfordringar.

I Bergen møtte Martin fjalerjenta Synnøve Strand. Då ho fekk seg jobb som lærar på Dingemoen skule, måtte dei ta eit val i forhold til kor dei skulle etablere seg. Dei har tatt med seg vesle Oskar som vart fødd i januar dette året og prøver seg no i Fjaler. Som småbarnsforeldre er ikkje kvar-dagen så ulik i Bergen og Fjaler – kanskje er det eit noko rolegare tempo her. Nærleiken til familie og venner er likevel den viktigaste grunnen til at dei valde å komme.

I jobben ved rådmannsstaben er det mykje nytt å setje seg inn i – det er travelt, men Martin trivst i eit hektisk arbeidsmiljø. Etter jul skal han ha nokre månader pappapermisjon med vesle Oskar.



## Julemesse på Fjaler sjukeheim 2. desember kl. 14.00

Støttelaget inviterer til tradisjonell julemesse

1. sundag i advent på sjukeheimen.

Sal av fine julegåver, kaffi og kaker.

Åresal, loddosal og utloddning.

Nytt høvet til å besøke slekt og vener!

Velkommen til ei triveleg julemesse!

Arrangør: Støttelaget for sjukeheimen

# Kommuneplan for Fjaler

Fjaler kommune skal no i gang med rullering av kommuneplanen for Fjaler. Kommuneplanen består av ein samfunnsdel og arealdel.

Det er valt tre politiske arbeidsgrupper som skal stå for utarbeiding av planen. Fyrste steg vil vere utarbeiding av planprogrammet og skal mellom anna omfatte: formål, planprosess, opplegg for medverknad, alternativ og behov for utredningar.

Kommunestyret har gjennomført ei evaluering av gjeldande plan der ein har sett på utfordringar og viktige satsingsområde i ny plan. Tenesteeiningane i kommunen har også vore gjennom tilsvarende prosess. Nokre av resultata frå arbeidet ser du på biletta.

Fjaler kommune legg opp til ein brei medverknadsprosess både internt og eksternt. For å oppnå målet om ein god kommuneplan er engasjement og medverknad frå deg avgjerande. Vi treng innspel og merknader både frå enkelt-personar, næringsliv, grändalag/velforeiningar, lag og organisasjonar og andre aktørar.

Det vil bli arrangert fleire folkemøte i samband med utarbeiding av kommuneplanen. Grunneigarar blir særskilt oppmoda om å delta på folkemøta og komme med innspel. Utkast til plan skal utformast etter grundig vurdering av aktuelle problemstillingar og innkomne innspel. Fyrste folkemøte blir på nyåret. Nærmare innkalling og annonsering kjem seinare. Møt opp slik at vi saman kan utarbeide ein god plan for Fjaler!

Du finn meir informasjon på kommunen si heimeside:

[www.fjaler.kommune.no](http://www.fjaler.kommune.no)



NB! Har du utviklingsplanar dei neste 4–5 åra som t.d. skille ut ei tomt på eigedomen din eller gjera noko som krev regulering, så er det viktig å melde dette inn til kommunen no slik at det vert med i den nye planen. Det som ikkje er kome med i denne kan vera vanskeleg å få gjort noko med før ein startar med ny plan.



## KOMMUNEDELPLAN Dale

5 politikarar:  
**Odd Helge Aase (leiar)**  
**Hans Stav**  
**Roald Standnes**  
**Anette Traa**  
**Hege Vosseteig Bratteleid**

2 frå administrasjonen:  
**Connie Hovland,**  
**Ingeborg O. Tysnes**



## SAMFUNNSDELEN

5 politikarar:  
**Nina Yndestad (leiar)**  
**Kjetil Felde**  
**Hagne Kvangersnes**  
**Anita Nyland Skaar**  
**Kjetil Fristad**

2 frå administrasjonen:  
**Marit Hammer, Ivar Vårdal**


Nina Yndestad, AP leiar.



## AREALDELEN

5 politikarar:  
**Kjartan Åsnes (leiar)**  
**Kåre Eimind**  
**Anne Erstad**  
**Harald Vik**  
**Svein Arne Ness**

2 frå administrasjonen:  
**Connie Hovland,**  
**Knut David Hustveit**



**Kommuneplanen** er kommunens overordna styringsdokument og gjev rammer for utvikling av kommunesamfunnet og forvaltninga av arealressursane. Kommunal planlegging skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål.

**Samfunnssdelen** skal omhandle langsigktige utfordringar når det gjeld miljø, mål og strategiar for kommunesamfunnet og kommunen som organisasjon, sektorane og utvalde målgrupper. Den bør skildre og vurdere alternative strategiar for samfunnsutvikling, sektorane si verksemد og langsigktig arealbehov, og ta stilling til kva slags strategi kommunen vil leggje til grunn i det vidare arbeidet.


**Arealdelen** er eit kart med føresegner for bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgjevnadar i heile kommunen. Arealdelen skal vise kvar i kommunen utbygging kan skje og kva areal som skal brukast til landbruk, natur eller friluftsliv. Arealdelen skal vere med på å sikre ei langsigktig, bærekraftig utvikling og forvaltning av areal-, natur- og kulturmiljøressursane i kommunen.



Foto: Oddmund Haugen  
ffjalerfilm.no

© Oddmund Haugen

## På fritida: Korssund dykkekubb



Gunnar Hovland



Gunnar Hovland

Foto: Gunnar Hovland.

Korssund Dykkekubb er ein nyetablert klubb i 2010. Klubben er oppretta med tanke på å få opp dykkeaktiviteten i HAHS-regionen, samt kunne rekruttere og utdanne nye dykkarar. Klubben har fått eit strategisk punkt i Korssund, med mange dykkemoglegheiter i nærliggande område. Klubblokalet ligg i Korssund og er tilgjengelig både med bil og båt.

Klubben kan skryte av å vere den klubben som ligg nærmast vraket av Havda med berre få minutt unna med båt. I tillegg ligg vraka av Ferndale og Parat i Krakehellesundet også ein kort båttur unna. Det same gjeld Tyrifjord som ligg i Askvika på andre sida av Vilnesfjorden samt fleire andre vrak.

I tillegg til vrak er det eit stort

mangfold å sjå av det maritime livet, og ein er nesten garantert å møte ei piggskate på kvart dykk. Området rundt Korssund og omegn er eit eldorado for dykkarar som likar seg i nordiske farvatn.

Ein må ha dykkarsertifikat for å vere med å dykke og det er 15 års aldersgrense. Klubben jobbar med å få til utdanning av fleire dykkarar, men på grunn av stram økonomi har ikkje

klubben råd til å kjøpe inn alt nødvendig utstyr endå. Det vert også jobba med å få til faste dykkedagar årstid. Alle som har dykkarsertifikat eller ynskjer å byrje med dykking, er hjartelag velkomne til klubben.

Du kan melde di interesse til [styret@korssunddykk.no](mailto:styret@korssunddykk.no).

Gå gjerne inn på heimesida vår <http://korssunddykk.no>.

Leiar: Richard Skår tlf 95731547.

## Fritida mi

Det har vore jobba over tid med oppdatering av heftet Fritida Mi, men no er det tid for eit ferdig produkt! Vi avsluttar arbeidet i desse dagar og vil ha heftet ferdig til jul. Det vert sendt alle husstandar i kommunen og er nytig informasjon for både deg som bur her, dei som har tenkt å flytte hit og for dei som er her for kortare opphold. Det vert større enn tidlegare, har mange flotte foto og syner aktivitet, tiltak og mogelegheiter som er her i kommunen.

På nettsida til Fjaler kommune kan det ligge meir informasjon. Stoffet her kan stadig justerast, så send inn så snart du har ei endring eller om du startar ein ny aktivitet.

Kontakt er Frivilligsentralen, 3. etg Dale senter tlf 57 73 80 20.  
Epost [frivilligsentralen@fjaler.kommune.no](mailto:frivilligsentralen@fjaler.kommune.no)



Foto: Dag Skjelvik.



## Sommarles 2012

Årets Sommarles gjekk av stabelen med brask og bram! Heile 51 deltarar var med i år, alle mellom 6 og 13 år. Denne gjengen las til saman 394 bøker, det vil seie at kvar sommarlesar i gjennomsnitt las mellom 7 og 8 bøker i løpet av sommarferien. Det kan vi absolutt kalle superlesarar! Også i år var lønna for lesinga ein Sommarlesfest med forfattarbesök og premietrekning, der dei heldigaste deltakarane vann bøker og ein av dei ein iPod.

Forfattaren som kom på besök var Bjørn Sortland. Han har skrive mange barne- og ungdomsbøker, bl.a. serien om kunstdetektivane, Bønna og B-

laget og bøkene om den solbrente mammaen. I tillegg til å lese litt frå nokre av bøkene sine, snakka Bjørn litt om korleis det er å jobbe som forfattar og korleis han vert inspirert til å finne på kva han skal skrive om. Han sa blant anna at han fekk idear av det han opplever og av å høre på folk sine samtalar. Og kven veit? Kanskje han vart inspirert av å vere på biblioteket i Dale og møte alle superlesarane der?

Heldige premievinnarar var: Guro Hauge Ulvik, Ada Kyrkjebø Solheim, Othilie Håland, Hanne Vosseteig, Tiril Kleppe, Jørgen Vårdal og Josefine H. Bråtane.

Då står det berre att å glede seg til Sommarles 2013.

### FJALER FOLKEBIBLIOTEK - OPNINGSTIDER OG KONTAKT

**Hovudbiblioteket i Dale, Fjalerhuset:**  
Tysdag og fredag kl. 10.00–15.30  
Torsdag kl. 13.00–19.00  
e-post: [biblioteket@fjaler.kommune.no](mailto:biblioteket@fjaler.kommune.no)  
Tlf: 57 73 80 17  
Biblioteksjef Mette Rysjedal

**Straumsnes filial, grendahuset**  
Onsdag kl. 15.00–18.00  
Hjørdis Åsnes

**Guddal filial, grendahuset/skulen**  
Onsdag kl. 13.00–16.00  
Tlf: 57 73 88 40  
Lilly Ødemark

**Websøk/bibliotekkatalog på nett:**  
<http://websok.mikromarc.no/fjaler-fb>

[www.fjaler.kommune.no](http://www.fjaler.kommune.no)



## Lån dataspel i biblioteket



No kan du låne dataspel i biblioteket! Dette er ei av Norsk kulturfond sine innkjøpsordningar til folkebibliotek. I første omgang har hovudbiblioteket i Dale fått 15 norskutvikla spel som omfattar produksjonar frå dei siste åra. Spela er spesielt berekna på barn og laga for PC/MAC og Nintendo DS. Målet med innkjøpsordninga er å gi fleire norske barn og unge mulegheita til å bli godt kjent med det rike utvalet av dataspel som vert laga i Noreg. Samtidig vil innkjøpsordninga gi nye mulegheiter for ein dataspelbransje som har utvikla seg kraftig dei siste åra. Lånetid på spel er 4 veker.

# Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet



Frå SVINT-meisterskapet 2012

I kommunestyremøte 1. oktober vart det vedteke at framlagt kommunedelplan skulle leggast ut på høyring med høyringsfrist 15. november. Målet er at endeleg plan vert vedteken i formannskapet 5. desember og i kommunestyret 17. desember 2012.

Kommunen må ha ein heilskapleg plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet for å søkje om spelemidlar til utbygging og rehabilitering av idrettsanlegg. Planen skal reviderast kvart 4. år eller før dersom det er aktuelt å gjere vesentlege endringar. Handlingsplanen kan rullerast årleg. Denne planen er ei revidering av kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2009–2012.

Det er ein føresetnad at anlegg som kjem inn under prioriterte anlegg er fullfinansierte og er klare til å søkje spelemidlar. Anlegga som ikkje har alt klart kan verta rullert inn årleg dersom dei allereie står på uprioritert liste. Det er difor viktigare at vi har alle anlegg som vi trur vi kan få realisert innan 4 år inne på den uprioriterte lista.

## ORGANISERING AV PLANPROSESSEN

Kommunestyret vedtok i møte 14.02.2012 i sak 12/102 oppstart av revidering av kommunedelplanen for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet

2013-2016. Kulturkontoret er fagleg ansvarleg for planen og har hatt med seg følgjande arbeidsgruppe:

Anita Nyland Skaar representerer oppvekst, Connie Hovland representerer teknisk kontor, Ivar Vårdal representerer kommunehelsetenesta, Terje Ulltang representerer Fjaler idrettsråd, Kjetil Fristad er politisk representant. Katrine Field som har ei delt stilling som ergoterapeut/folkehelsekoordinator, har følgt arbeidet frå 20. september.

Det har til no vore halde 3 møte i styringsgruppa. Gruppa har ikkje sett det som naudsynt å arrangere grendelagsmøte, men lag, organisasjonar og skular har vorte kontakta i samband med utsending av planprogrammet og sjølve planen.

Alle kan kome med innspel til ein slik plan. Dersom du er interessert kan du finne høyringsdokumentet på [www.fjaler.kommune.no](http://www.fjaler.kommune.no) eller ved å kontakte sørviskontoret i kommunen.

## Betre forhold for idrett på Dingemoen

I samband med budsjettet for 2013 løvde rause kommunepolitikarar heile 6,15 millionar til Fjalerhallen:


- Helsestudio og lager i nytt påbygg mot kunstgrasbana
- Skifte av dekke inne
- Rehabilitering av tak
- Nytt kunstgras på Dingemoen

Kunstgraset på Dingemoen vart skifta allereie i sommar. Påbygget, som skal innehalde helsestudio og lager, har vore ute på anbod og det er valt leverandør. Dette påbygget skal etter planen vera ferdig til sommaren 2013. Parallelt med dette jobbar Dale idretts-

lag med å finna finansiering og gode løysingar for treningsapparat – det er dei som har fått ansvar for dette. Korleis drifta på helsestudioet vert er enno ikkje avklart.

Vidare jobbar vi no med ein tilstandsrapport for heile Fjalerhallen slik at vi får gjort ein del større utbetringer på denne no. Målet er at det skal leggast nytt tak og få nytt dekke inne i hallen i løpet av sommaren 2013.

Med desse investeringane får vi betre forhold både for dei som driv med organisert og uorganisert idrett i Fjaler.



## Skulerute for grunnskuleelevene i Fjaler 2013–2014

**August** Første skuledag: Måndag 19. august

**Oktober** Haustferie mandag 7. til fredag 11. oktober (v. 41)

**November** Elevfriday mandag 18. november

**Desember** Siste skuledag før jul: Fredag 20. desember

**Januar** Første skuledag: torsdag 2. januar

**Februar** Vinterferie: 17. februar – 21. februar (veke 8)

### April

Siste skuledag før påske: Fredag 11. april  
Første skuledag etter påske: tysdag 22. april

**Mai** Elevfrie dagar: 2. og 30. mai

**Juni** Siste skuledag: Fredag 20. juni

### KLIPPE, KLIPPE....

#### Ny veg til Torset

Formannskapet gjev Torsetvegen Veglag v/ Trygve Heggeheim løyve til å bygge 1 450m ny landbruksveg kl 4 til Torset i Fjaler etter ”Normaler for landbruksveger med byggebeskrivelse - Landbruksdepartementet 2002” på fylgjande vilkår (jf. § 3-4 i ovanfor nemnde forskrift):

- at veglina fylgjer trassen slik den er teikna inn på kart datert 12.3.2012
- at vegen vert bygd i tråd med føringane i standardut-talen for landbruksvegar
- at arbeidet er ferdig innan 30.9. 2015, elles fell løyvet bort.

Med heimel i Plan- og bygningslova vert det gitt byggeløyve til bygging av landbruksveg kl 4 til Torset, i samsvar med kart datert 12.03.12. NVE sine tilrådingar når det gjeld ny bru over elva, må følgjast

## Kandidatar til Fjalerprisen 2012

Føremålet med Fjalerprisen er

- å gje honnør for særleg innsats til beste for kommunen
- å setje fokus på nyskaping, openheit og inkludering

Kandidatane skal i tråd med føremåla ha

- profilert Fjaler kommune på ein positiv måte
- bidrege særskilt til å utvikle Fjaler-samfunnet
- bidrege særskilt til marknadsføring av Fjaler kommune
- ytt ein ekstra innsats for å fremje nemnde verdiar

Fjalerprisen kan tildelast

- ein person som har tilknyting til Fjaler kommune
- verksam, institusjon, frivillig lag og organisasjon/institusjon som høyrer heime i Fjaler kommune

**Send skriftleg og grunngjeve forslag innan 20. november til:**

**Fjaler kommune**

**Postboks 54**

**6961 Dale i Sunnfjord eller**

**E-post: post@fjaler.kommune.no**

**KLIPPE, KLIPPE....**

*Om du ønskjer å lese meir om dei ulike sakene, finn du dei på kommunen sine heimesider [www.fjaler.kommune.no](http://www.fjaler.kommune.no): Lokalstyre - Møtekalender og saks-papir - ved å velje formannskapet eller kommunestyret frå møtekalenderen.*

**Gebyrforskrift for konsesjons- og delingssaker fra 01.01.12**

For handsaming av delingssaker etter jordlova § 12 og saker etter konsejsjonslova vert gebrysatsane fastsett som følgjande: For delingssaker etter jordlova § 12, vert sakshandsamingsgebyret sett til kr 1200,-.

For saker etter konsesjonslova vert handsamingsgebyret sett til følgjande: Sakshandsamingsgebyr kr 1500 for følgjande saker der eitt eller fleire av kulepunktta ligg til grunn i saka:

- Alle opplysningar er tilgjengelege i saka
- Konsesjonssaker som i stor grad er regelstyrt og med innarbeidd forvaltningspraksis
- Administrasjonen handsamar saka etter fullmakt

Sakshandsamingsgebyr kr 4000 for følgjande saker der eitt eller fleire av kulepunktta ligg til grunn i saka:

- Konsesjonssaker med større grad av kompleksitet
- Arbeidsomfanget med innhenting av opplysningar er betydeleg
- Sakene vert framlagde for politisk handsaming

Ut frå ovanforståande avgjer administrasjonen kva gebrysatsen skal vere i den enkelte sak.

**Dingemoen skule****- ombygging bassengareal**

For å finansiere tiltaka ved Dingemoen barneskule samla er låneramma auka til 4 840 000 kr. Formannskapet har fått fullmakt til å auke kostnadsramma med omsyn til tørrskodd veg mellom skulen og toalettavdelinga.

**Våge skule**

Låneramma er auka med kr. 760 000,- til kr. 4 200 000,- for å finansiere tiltaket med nytt ventilasjonsanlegg ved Våge skule.

**Reguleringsplan for Furset**

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-12 har kommunestyret vedteke reguleringsplan for Furset, del av gbnr 235/11 og 17 med følgjande endringar: Føresegne: Fyrste setning i punkt 3.4.1 til: I område for småbåtanlegg i sjø er det lov å sette opp flytebrygge. Det er ikkje tillate med mudring eller dumping av massar i området. Punkt 5.1.2 og 5.1.3 vert tatt ut av planen.

**Salsløyve for alkoholhaldig drikke 2012-2016**

Følgjande daglegvarebutikkar har fått løyve til sal av alkoholhaldige drikke med alkoholinnhald inntil 4,75 volumprosent for perioden 01.07.12 til 30.06.16:

*Korssund Handel AS  
Coop Marknad Dale  
Kiwi 871 Fjaler  
O.A. Skaar  
Flekke Nærbutikk AS  
Bjørkelunden AS, Joker Hellevik*

Salstida for alkoholhaldige drikke vert for heile kommunen sett til 08.00–20.00 på vanlege kvardagar og 08.00–18.00 på dagar før sørn- og helgedagar. For butikkar med kortareopningstid vert salstida sett lik opningstid.

Løyvehavarane vert pålagde å syte for tydeleg skilje mellom alkoholhaldige og alkoholfrie drikkevarer, og syte for naudsynt merking som tydeleggjer dette for kundane.

Delegasjon: Avgjersle om tildeling og inndraging av salsløyve er delegert

til formannskapet. Andre avgjersler som etter kommunelova kan delegrast, er delegerte til rådmannen.

**Storelva elveeigarlag**

Harald Vik er vald som kommunal representant i styret i Storelva elveei-garlag.

**Samhandlingsreforma**

Fjaler kommune har inngått følgjande delavtalar med Helse Førde HF i sam-svar med framlegg av 13.04.12:

1. Delavtale om kunnskapsoverføring og informasjonsutveksling.
2. Delavtale om forsking og utdanning.

Fjaler kommune har inngått følgjande delavtalar med Helse Førde HF i sam-svar med framlegg av 16.05.12:

- Delavtale om retningsliner for å sikre heilsakplege og samanhengande helse- og omsorgstenester til pasientar med behov for koordinerte tenester
- Delavtale om kommunalt tilbod om øyeblikkeleg hjelp med døgnophald
- Delavtale om svangerskaps-, fødsels- og barselomsorga
- Delavtale om samarbeid om føre-bygging

**Overgrepsmottak for kvinner utsett for seksuell vold**

Fjaler kommune sluttar seg til mellombels ordning for overgrepsmot-tak for kvinner utsett for seksuell vold fram til 01.05.2013.

Fjaler kommune forpliktar seg som deltakar i ordninga til å svare for den økonomiske kostnaden som følgjer av fordelinga kommunane imellom i planen. Årleg kostnad er for Fjaler berekna til å vere kr. 40.995,- / kr. 3416,- pr mnd.

**Lutelandet utvikling**

Representantar til styret 2011-2015 vart Arve Helle og Ingrid Skår Døskeland. Vara vart Kjetil Felde.

## **Skjenkeløyve for alkohol-haldig drikke 2012-2016**

**Transplant Live AS** har fått innvilga slike skjenkeløyve gjeldande til 30.06.16: Generelt løyve til skjenking av øl, sterkøl og vin 12.00 – 02.00. Generelt løyve til skjenking av brennevin 14.00 – 01.00. Uteservering på eige område (terrasse mot sjøen) 12.00 - 24.00. Det er presisert at det ikkje skal drikkast alkohol ute etter kl 00.30. Birgitta Ralston er godkjend som styrar for løyvet.

**Snjostorm AS, Lillingstonheimen** har fått innvilga slike skjenkeløyve gjeldande til 30.06.16: Generelt løyve til skjenking av øl, sterkøl og vin 12.00 – 02.00. Generelt løyve til skjenking av brennevin 14.00 – 01.00. Uteservering på eige område fram til 12.00 - 24.00. Det er presisert at det ikkje skal drikkast alkohol ute etter kl 00.30. Siren Skråmestø Juliussen er godkjend som styrar for løyvet

**Fine fruers pub** har fått innvilga slike skjenkeløyve gjeldande til 30.06.16: Generelt løyve til skjenking av øl, sterkøl og vin kl 12.00 – 02.00. Generelt løyve til skjenking av brennevin kl 14.00 – 01.00. Tida for uteservering er lik skjenketida inne. Uteservering (terrasse på baksida). Thor Einen er godkjend som styrar for løyvet

**Dale Kro og motell** har fått innvilga slike skjenkeløyve gjeldande til 30.06.16: Generelt løyve til skjenking av øl, sterkøl og vin kl 12.00 - 02.00. Generelt løyve til skjenking av brennevin kl 14.00 – 01.00. Tida for uteservering er lik skjenketida inne. Else Marie Skår er godkjend som styrar for løyvet

**Jakob Sande-selskapet** har fått innvilga slike skjenkeløyve gjeldande til 30.06.16: Generelt løyve til skjenking av øl, sterkøl og vin kl 12.00 - 02.00. Generelt løyve til skjenking av bren-

nevin kl 14.00 – 01.00. Uteservering på eige område kl 12.00 - 24.00. Det er presisert at det ikkje skal drikkast alkohol ute etter kl 00.30. Margrete Reisæter er godkjend som styrar for løyvet

**Allmuen AS** har fått innvilga slike skjenkeløyve gjeldande til 30.06.16: Generelt løyve til skjenking av øl, sterkøl og vin kl 12.00 - 02.00. Generelt løyve til skjenking av brennevin kl 14.00 – 01.00. Uteservering på eige område kl 12.00 - 24.00. Det er presisert at det ikkje skal drikkast alkohol ute etter kl 00.30. Henriette Sætenes-Høivik er godkjend som styrar for løyvet

**Yndestad Feriehus/Gard** har fått innvilga slike skjenkeløyve gjeldande til 30.06.16: Generelt løyve til skjenking av øl, sterkøl og vin kl 12.00 - 02.00. Generelt løyve til skjenking av brennevin kl 14.00 – 01.00. Tida for uteservering er lik skjenketida inne. Nina Yndestad er godkjend som styrar for løyvet

**Fossen bryggeripub AS** har fått innvilga slike skjenkeløyve gjeldande til 30.06.16: Generelt løyve til skjenking av øl, sterkøl og vin kl 12.00 - 02.00. Generelt løyve til skjenking av brennevin kl 14.00 – 01.00. Uteservering på eige område kl 12.00 - 24.00. Det vert presisert at det ikkje skal drikkast alkohol ute etter kl 00.30. Else Marie Skår er godkjend som styrar for løyvet

### **Ambulerande løyve**

Det er oppretta to ambulerande skjenkeløyve for øl, sterkøl, vin og brennevin i kommunen. Avgjersle om tildeling er delegert til rådmannen. Gebyr er sett til kr 250, eller maksbeløp av det regelverket tillèt.

### **Delegasjon**

Avgjersle om tildeling av løyve og tid for sal og skjenking skal ligge til kommunestyret. Avgjersle om inndragning

av løyve er delegert til formannskapet. Andre avgjersler som etter kommunelova kan delegerast, vert delegert til rådmannen. Det gjeld m.a vedtak om løyve, utvida skjenketid og utvida skjenkelokale som vert fatta for eit einskilt høve. Slike vedtak kan ikkje gjelde for meir enn tre dagar.

### **Interkommunalt samarbeid om miljøretta helsevern, smittevern og samfunnsmedisinsk rådgjeving**

Fjaler kommune vert ein av samarbeidskommunane i interkommunalt samarbeid om miljøretta helsevern, smittevern og samfunnsmedisinsk rådgjeving, jf. saksutgreiing.

Fjaler kommune delegerer (jf. eige kommunalt delegeringsreglement) med dette ansvar for miljøretta helsevern (jf. LOF §9), smittevern (jf. LVSS §7) og samfunnsmedisinsk rådgjeving (jf. LOF §27) til det interkommunale samarbeidet med Flora kommune som vertskommune (jf LOKF §28), jf. saksutgreiing. Rådmannen kjem tilbake med ny sak i høve finansiering av samarbeidet.

### **Vidareføring av interkommunalt prosjektsamarbeid**

Fjaler kommune held fram som deltar i det interkommunale prosjektarbeidet knytt til lokalmedisinske tenester, rehabilitering og lærings- og meislingsfunksjonar.

Kommunen sin eigendel vert fordelt etter 50 % lik del og 50 % etter folketal. For Fjaler kommune vert dette på kr 42.002,-. Løyving blir finansiert frå disposisjonsfondet.

### **Nina Yndestad**

I samsvar med plan- og bygningslova §19-2 vert det gjeve dispensasjon for frådeling av to fritidstomtar på gbnr 133/4. Hovudgrunnen til å gje dispensasjonen er at området er avsett til hyttebygging i fleirbruksplanen for Flekke- og Guddalsvassdraget. Med heimel i §20-1, vert det gjeve løyve til frådeling av 2 hyttetomtar i samsvar med søknad datert 06.03.12.

## **Val til lagmannsretten, tingretten og jordskifte- retten 2013-2017**

### **Lagrettemedlemer og lekdommarar til lagmansretten 2013-2016**

Mannsutval:

1. Øystein Våge 6967 Hellevik
2. Ståle Brattelid 6963

Kvinneutval:

1. Marta Strandos 6963
2. Annbjørg Eikenes 6967 Hellevik

### **Domsfolk til tingretten 2013-2016**

Mannsutval:

1. Harald Vik 6966 Guddal
2. Kjartan Åsnes 6969 Straumsnes
3. Sjur R. Haugen 6963
4. Magnus Løvik 6963

Kvinneutval:

1. Lillian Samdal 6968 Flekke
2. Ellen Eiken 6967 Hellevik
3. Åsa Øvrebø Stav 6963
4. Kjersti Valvik 6963

### **Jordskiftedommarar 2013-2016**

1. Atle Langeland 6966 Guddal
2. Bjarte Hellebust 6968 Flekke
3. Sigrunn G. Leirpoll 6968 Flekke
4. Berit Senneset 6968 Flekke
5. Anders Hopland 6967 Hellevik
6. Ester S. Furenes 6967 Hellevik
7. Kristen Holt 6967 Hellevik
8. Arve Arstein 6967 Hellevik
9. Ole Anders Hope 6963
10. Magnhild Vosseteig 6963
11. Jan A. Haugen 6963
12. Johan Norddal 6963

### **Skjønsmenn 2013-2016:**

1. Øyfrid Ulvedal Strand 6963
2. Svein Bordvik 6963 Hellevik
3. Geir Grytøyra 6967 Hellevik
4. Frode Hellebust 6963
5. Synnøve Stavstrand 6963

### **Brukarfinansiering Fv 57**

Fjaler kommunestyre har sluttat seg til prinsippet om brukarfinansiering for å få opprusta fv. 57 mellom Dale og Storehaug.

Kommunestyret ber om Statens Vegvesen om ei utgreiing av saka som må innehalde følgjande element: Val av trasè, inntektspotensiale/trafikktal, plassering av bomstasjonar, avvisingseffekt, nedbetalingstid, organisering av bompengeinnkrevjing.

Til arbeidsgruppe i lag med Gaula kommune er valde: Arve Helle, Marita Solheim og Arne Osland

### **Framtidig kommunestruktur i HAFS**

Kommunestyret har gjort følgjande vedtak:

1. Fjaler kommunestyre syner til utgreiinga om framtidig kommunestruktur i HAFS frå Telemarksforsking i 2002, og ynskjer å få ei oppdatert utgreiing om konsekvensar av samanslåing av kommunane Hyllestad, Askvoll og Fjaler.
2. Ei slik utgreiing må også innehalde ei vurdering av endring av kommunegrenser mot aktuelle nabokommunar. Dersom fleire kommunar i Sunnfjord og ytre Sogn ynskjer å delta i ei slik utgreiing, skal ho også omfatte utgreiing av storkommune.
3. Ordførarane i Hyllestad, Askvoll og Fjaler forpliktar seg til å ta initiativ overfor dei andre kommunane i Sunnfjord og ytre Sogn for å kartlegge ynskje om deltaking i ei breiare utgreiing.
4. Etter at ei slik kartlegging er gjort, får formannskapa i dei ulike kommunane mandat til å leie dei vidare drøftingane.
5. Innhaldet i utgreiinga skal attende til Fjaler kommunestyre for endeleg avgjerd.
6. Siktemålet med prosessen er å sikre innbyggjarane i Fjaler best mogeleg tenestetilbod i framtida.

### **Fossen bryggeripub**

har fått innvilga løyve for tilvirking av alkohol i perioden 30.06.12-30.06.16.

### **D/S Hotel og Bad**

Forlenging av tilsagn og opsjon. Tidsramma blir forlenga til 01.01.14.

### **Fjaler kommune inngår venskapsavtale med**

#### **Vogar kommune på Island**

Første gong saka var oppe til handsaming var i 2010. Då vedtok å kommunestyret å utsette den og ta den att i samband med budsjett for 2011. Dette vart ikkje gjort, men no har det vore ny kontakt med Vogar kommune. Dei var framleis svært interesserte i eit vennskapssamarbeid og ordføraren tok difor saka opp på nytt. Kommunestyret har godkjent prinsippa i eit framlagt avtaleutkast og har gjeve ordføraren fullmakt til å inngå endeleg avtale.

Kort historikk i saka:

I juni 2008 hadde HAFS regionen besøk av ein delegasjon frå Island der blant anna den dåverande islandske justisministeren var med. Tema for besøket som inkluderte ei rundreise i HAFS, var mellom anna Gulathing og framtidig samarbeid mellom kommunanen/regionen og Island. I samband med dette var det drøfta muligheter for å etablert ein venskapsavtale mellom ein kommune på Island og Fjaler kommune.

Vogar kommune tok ei stund etterpå kontakt og ønskte å inngå eit slikt samarbeid. Kommunen har ca 1000 innbyggjarar og ligg i regionen Suturnes (ca. 20.000 innbyggjarar), ikkje langt frå Reykjavik.

### **Forliksråd 2011-2015**

Val av medlemmer:

Kjetil Felde, leiar  
Terje Møller, nestleiar  
Joy Taylor, medlem

Val av varamedlemmer:

1. Norodd Lammetun
2. Liv Sandsund
3. Magnus Løvik

## Gravplass i Dale

Kommunestyret er uroa over dei høge kostnadane med ny gravplass, og har bede nemnda som har arbeidd med saka gå gjennom dei to framlagde alternativa med tanke på kostnadsreduserande tiltak og ei eventuelt stegvis utbygging. Det er knytt usikkerheit til kor lang tid neverande gravplass kan nyttast. Kommunestyret er opptekne av å finne ei løysing som er klar til bruk før neverande gravplass er full. Dei har bede difor nemnda om ei tilbakemelding snarast råd på kva tidsplan ein ser føre seg med opparbeiding av ny gravplass.

## Dingemoen–Steia

Endring av reguleringsplan delområde 4 i Dingemoen. I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 er oppstart av detaljregulering for gbnr 64/167 godkjend. Detaljreguleringa omfattar endring av reguleringsplan for delområde 4, Dingemoen–Steia. Det må takast omsyn til vurderinga nedanfor i det vidare planarbeidet. Før oppstart av planarbeid kan varslast, skal oppstartsmøte vere gjennomført.

## Tv-aksjonen 2012

### – Amnesty international

Varaordførar Marita Solheim har vore leiar av kommunekomiteen for TV-aksjonen 2012. Følgjande var valde som medlemmer i komiteen: Kjartan Åsnes og Harald Vik. Anne Marie Loneland frå administrasjonen var sekretær.

## Røde Kors Haugland rehabiliteringssenter

Formannskapet aukar driftsstøtta til kreftfysioterapi ved Haugland Rehabilitasinssenter for 2012 med kr. 12.000,-. Frå kr 35.000,- til kr. 47.000,-.

## Oddrun Yndestad

Fjaler kommune v/kommunalsjef landbruk har gjeve løyve til frådeling av 500 m<sup>2</sup> skogareal/anna areal kring eksisterande fritidshus på gbnr. 133/5. Eigar Oddrun Yndestad, kjøpar Per Vegsund.

## Finn Arne Jacobsen

får i samsvar med plan- og bygningslova løyve til brygge langs eksisterande naust og flytebrygge som omsøkt.

## Janne og Oddvar Øksenberg

Fjaler kommune gir løyve til sal av ca 8m<sup>2</sup> frå gnr 65 bnr 1, som tilleggsareal til gnr 65 bnr 160. Kjøparane dekkar omkostningane med grensejusteringa, og betalar same pris pr. m<sup>2</sup> som ved salet i 2009.

## Einar Pettersen

Som grunneigar gir Fjaler kommune løyve til at ny kai kan førast opp att på same stad, med same utsjånad og storleik som den gamle kaia som vart øydelagd av sjøen vinteren 2011/12 hadde, men med desse vilkåra:

- Den nye kaia må ikkje byggast slik at den kan medføre skade på «posta-kai».
- Dersom den nye kaia gjer det umøgeleg når det gjeld utbetring/restaurering eller vedlikehald av «posta-kai», kan kommunen krevje kaia fjerna.

### Vedtak etter Plan- og bygningslova:

Med heimel i §20-2 i Plan- og bygningslova vert det gitt løyve til oppføring av ny kai i samsvar med korrigert søknad datert 06.03.12 m/vedlegg. I denne typen byggesak er det tiltakshavar som er ansvarleg for at arbeidet vert prosjektert og utført i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Arbeidet må avsluttast med ferdigattest.

## Brekkefossen kraftverk

Fjaler kommune har følgjande uttale til søknad om konsesjon/bygging av Brekkefossen kraftverk AS:

Det er noko uklart i søknaden om kva høgdeforskjellar det faktisk vert mellom inntak, terskel og sjølve Steiestølsvatnet og såleis kva som vil vere faktiske forhold etter utbygging.

Det må utgreist nærmare om kor-

leis tiltaket vil påverke vegen og om det er fare for skade på veggbanen. Dersom vegen blir berørt på noko vis må det setjast i verk tiltak med å sikre vegen.

Vannstanden i Steiestølsvatnet må ikkje påverkast av tiltaket. Det kjem ikkje godt nok fram i søknaden korleis vannstanden i vatnet vert påverka og Fjaler kommune ber om at det vert utarbeidd skisser/profiler over inntak, terskel, dam, vatnet, veg og terrenget rundt der høgdene er klart skildra. Før det vert gjeve konsesjon og løyve til bygging må dette utgreast nærmare. Fjaler kommune ber om å få dette framlagt til ny høyring før ein kan ta endeleg stilling til søknaden.

## Eigenandel interkommunalt sam-handlingsprosjekt 2011

Fjaler kommune yter kommunal eigenfinansiering med kr 73.180,- i samband med søknad til Helsedirektoratet for 2012 om tilskotsmidlar til samhandlingstiltak, lokalmedisinske sentra og kommunesamarbeid. Løvinga vert teken frå disposisjonsfondet.

## Valdagar ved stortings- og sametingsvalet 2013

i Fjaler blir søndag 8. september og mandag 9. september. Søndag 8. september vert berre vallokalet i Dale halde ope.



Det vart grøn traktor av type John Deere. Her er den nye traktoren til kommunen - her vert den testa av ordførar Arve Helle

KLIPPE, KLIPPE....

## Ny tid med nettbrett

### Kulturmidlar 2012

Det var 160 000 kr til fordeling + 16000 kr til utviklingshemma.  
Desse fekk utdelt:

#### Idrettslag:

Dale idrettslag 32 000 kr.  
Hellevik idrettslag 3000 kr.  
Svint idrettslag 5000 kr.  
Fure il 5000 kr.  
Stroka skyttarlag 2000 kr.  
Fjaler motorsportklubb 10 000 kr.

#### Teater-/danse-/ungdomslag:

Dale ungdomslag 5000 kr.  
Guddal ungdomslag 5000 kr.  
Straumsnes ungdomslag 5000 kr.  
Fure og Våge grendahus 5000 kr.  
Fjaler seniordans 3000 kr.  
Fjaler danseverkstad 10 000 kr.

#### Song- og musikklag

Dale barnekor 4000 kr.  
Guddal familiekor 2000 kr.  
Doremi barnekor 2000 kr.  
Cantus kyrkjekor 2000 kr.  
Fure og Våge songlag 2000 kr.  
Dalsfjorden spelemannslag 5000 kr.  
Dale musikkorps 20 000 kr.

#### Andre lag og org.

Jakob Sande-selskapet 5000 kr.  
Dale bygdekvinnelag 4000 kr.  
Nordalen skisenter 2000 kr.  
Dalsfjorden/  
Ytre Sogn Fjordhestlag 1000 kr.  
Fjaler helselag 3000 kr.  
Flekke bygdekvinnelag 2000 kr.  
Fjaler revmatikarlag 9000 kr.  
Fjaler Røde Kors Hjelpekors 5000 kr.  
Laurdagsklubben i Dale 1000 kr.  
Fjaler pensjonistlag 2000 kr.  
Våge kvinne- og familielag 2000 kr.  
Flekke grendelag 2000 kr.  
A-F-H lokallag av NFU 4000 kr.  
Fjaler hundeklubb 4000 kr.



Pål Furnes Ness og Dag Nistad tykkjer det er spennande og kjekt med nettbrett, og håpar det vil ligge ein flat pakke under juletreet i år...

Vevang dagsenter har gått til innkjøp av nettbrett. For oss er dette først og fremst eit spesialpedagogisk verktøy, som vil gi betre høve for læring hjå brukarane. Det har synt seg at bruk av nettbrett i undervisninga har auka motivasjonen for læring, i tillegg til at mange opplever å få betre utbyte av denne undervisningsforma.

Nettbrettet er enkelt å ta med seg, og beröringsskjermen gjer det lett å bruke. Nedlasting av applikasjonar er rimeleg, mange av dei er til og med gratis. Slik

vil ein kunne få variasjon i undervisninga og gjere individuelle tilpassingar. Vidare er det enkelt å legge til tale og ta bilet/video med nettbrettet.

Med alt samla i eitt verktøy forenklar ein arbeidsprosessane, og det er lett å komme i gang. Og så er det kult!

Til no har me jobba med å tilrettelegge nettbrettet for opplæring ved bruk av sosiale historiar, språk og begrepsslærings, matematikk. Vi er i startgropa og ser fram til å utvikle dette vidare.

## Vevang Produksjon AS & Vevang Dagsenter

### INVITERER TIL OPEN DAG

Laurdag 1.desember kl 10.00–14.00

#### Vevang Produksjon AS

Mange fine julegåver i tre, tekstilvarer og lys.

Vedsekkar og tennbrikettar.

Gjesteutstillarar: Matglede, Botnatunet,  
Eldalstunet, Reidun Porten, Urtetunet i Askvoll, mfl.

Dale musikkorps spelar!



#### Vevang Dagsenter

Lilla honninglys, nissar, englar, kort, uro, tennbrikettar  
og ymse juleartiklar.

Kaffi og heimelaga kaker i kantina.

**Velkommen til ein triveleg handel og for å sjå korleis me har det!  
Helsing oss på VEVANG**

# Nokon gonger høver det ikkje med alkohol

**AV-OG-TIL** arbeider for godt alkovett. Bak organisasjonen står politiske parti, offentlege verksemder og faglege og frivillige organisasjoner. Ved å setje fokus på situasjonar der alkohol utgjer ein særleg risiko eller kan vere til ulempe for andre, bidreg AV-OG-TIL til å redusere dei uønskte følgjene av alkoholbruk i samfunnet og gjer kvarldagen tryggare for alle.

## SAMARBEIDSAVTALE

Fjaler kommunestyre vedtok å vere medlem i AV-OG-TIL den 14. mai 2012 som eit tiltak i Rusmiddelpolitisk handlingsplan. Avtalen vart signert i samband med formannskapsmøte 21. august i Fjalerhuset. Marte Sletten fra AV-OG-TIL informerte i møtet og fortalte frå arbeidet nasjonalt.

Det er inngått ein samarbeidsavtale mellom Fjaler kommune og AV-OG-TIL på fire år, med første året som ein prøveperiode. Med avtalen får ein eit eigna verkemiddel til bruk i kommunen sitt rusmiddelførebyggjande arbeid. AV-OG-TIL vil hjelpe til med opplæring, materiell, kampanjar, PR, mobilisering, kunnskap og informasjon.

Kommunen skal syte for ein kommunal AV-OG-TIL-koordinator som er strategisk plassert i høve til kommuneleiinga og til ruspolitikk og førebygging.

## FØREBYGGING

AV-OG-TIL Lokalt er ein førebyggingsmetode som blir tilpassa lokale behov, ynskje og idear. Stikkord er å få mange med på å drøfte og reflektere rundt det at det av og til ikkje høver med alkohol. Dei alkoholfrie sonene er:

- arbeidsliv
- båt- og badeliv
- graviditet
- idrett og friluftsliv
- samvær med barn og unge
- livskriser
- trafikk



**AV-OG-TIL\***  
UTEN ALKOHOL

Fjaler har eit spesielt fokus på samvær med barn og unge, graviditet, idrett og friluftsliv. Alkohol har fleire sider. I nokre samanhengar kan alkoholbruk skape vanskelege situasjonar eller føre til ubehag. Difor treng vi alkoholfrie soner. Vil du medverke i det lokale arbeidet?

Ta kontakt med Fjaler kommune  
tlf. 57 73 80 00,  
[postmottak@fjaler.kommune.no](mailto:postmottak@fjaler.kommune.no)

«Å vere ein AV-OG-TIL-kommune er ein viktig del av kommunen sitt forebyggjande arbeid for å betre folkehelsa.»

Arve Helle, ordførar

## Småskulen i Guddal



Frå venstre: Tarjei Guddal, Andrine Yndestad Engen, Nandor Yndestad Engen, Håvard Andre Ødemark, Signe Kråkenes Langeland, Zuzanna Kucia og Brage Yndestad Engen. 2. rekke f.v: Ida Heggheim Møller, Ole Kristian Guddal, Tage Emanuel Gallefoss og Vibeke Mandelid (Kontaktlærar)

## Grunnskuleopplæring for vaksne

Dersom du er over opplæringspliktig alder og treng grunnskuleopplæring, har du rett til slik opplæring. Dette gjeld berre viss du ikkje har rett til vidaregåande opplæring.

Retten til opplæring omfattar til vanleg dei faga ein treng for å få vitnemål for fullført grunnskuleopplæring for vaksne. Opplæringa er gratis for dei som oppfyller retten til vaksenopplæring.

Ta kontakt med ein av ungdomsskulane, Fjaler ungdomsskule og Våge skule, eller skulefagleg ansvarleg for meir opplysningar.

### Info frå Sunnfjord Miljøverk



**Gjeninnningsstasjonen i Flekke er open kvar tysdag kl 12.00 –18.00**  
Stasjonen ligg i Kjørlevika [i krysset der ein tek av frå rv 57 til ytre Fjaler]

**SUM INFO og renovasjonskalender** vert sendt ut til alle husstandar. Finn du ikkje att informasjonen, kan du kontakte sørviskontoret i Fjalerhuset eller gå inn på SUM si heimeside.

**Sunnfjord Miljøverk IKS** Tlf. 57 72 41 50  
[www.sum.sj.no](http://www.sum.sj.no)

**SUM Einestølen Førde** finn du ved å ta av frå rv 5 midt mellom Førde og Naustdal, ta av ved skiltet som syner mot «Avfallslass» og køyr ca 3 km.

# Dalsfjordsambandet i rute



© Oddmund Haugen

Foto: Oddmund Haugen, [www.fjalerfilm.no](http://www.fjalerfilm.no)

*Arbeidet med Dalsfjordsambandet går framover med raske steg og så langt ser det ut som tidsfristane skal halde.*

– Alt ser bra ut så langt og vi reknar med å kunne opne heile sambandet i desember neste år. Nishammartunnelen på Dalesida blir truleg opna allereie i slutten av mars, seier prosjektleiar i Statens Vegvesen, Einar Hovland.

Inne i Nishammartunnelen er no det svenske firmaet One i gang med elektroarbeidet. Dei skal vere ferdige til 1. februar, og deretter blir det ein periode med testing før tunnelen etter planen opnar i slutten av mars.

På sjølve bruа er no Bilfinger Berger ferdige med sitt arbeid med betongen og kun nedrigging og opprydning står igjen for deira del. Dei forlet bygda i siste halvdel av november. Vi takkar dei for jobben og ønskjer dei velkomme attende til opninga!

Det nederlandske selskapet HSN har ansvar for stål arbeidet på bruа. Dei er no etablerte i Dale og så vidt i gang med sitt arbeid. Rundt nyttår skal kablane vere trekte over Dalsfjorden og «catwalken» (gangbruа) vere klar. Arbeidet med berekablar skal vere ferdig i mars og deretter kjem køyrebana transpor-

tert på lekter frå Nederland. Køyrebana består av 48 meter lange modular og pr i dag er halvparten av desse ferdig produserte.

Deretter skal modulane heiasast på plass og siste finpuss på vegar og tunnelar gjeraست, før vi endeleg kan køyre over Dalsfjorden om godt og vel eit år



Rubbhallaр på Yksnebjør.

## KLIPPE, KLIPPE...

### Lutelandet industriområde

I samsvar med plan- og bygningslova vert det gjeve mellombels dispensasjon fram til 01.07.2013 frå krav om detaljregulering til uttak av stein som omsøkt. I samsvar med plan- og bygningslova vert det gjeve mellombels dispensasjon fram til 01.07.2013 frå nedre grense for uttak av stein/massar og planering på kote + 3,5 moh til kote -15 som omsøkt.

Grunngeiving av vedtaket: Uttak av stein vil føregå i det planlagde dokkområdet. Opparbeiding av dokkområdet vil gje store mengder overskotsmassar og det vil vere ein stor fordel å kunne skipe ut massane og at dei då vert nytta på ein god måte til anna formål. Mogelegheita til å skipe ut massane frå området gjev såleis både ein samfunnsmessig og næringspolitisk gevinst og ein finn difor å kunne tilrå soknaden.

### Fjaler ettersøksring

Fjaler kommune løyver 15 454 kr frå viltfondet til Fjaler Ettersøksring for dokumenterte godtgjersler i samband med organisering og søk/avliving av trafikkskadd hjortevilt i 2011.

### Kjell Espedal, Odd Rune

### Kjøllesdal og Trond Naustdal

har fått løyve til utlegging av flytebrygge med landgang som omsøkt.

### Kystarven v/Astrid Sandvik

har fått 10 000 kr i SMIL midlar til prosjektet «Sauen røktar Kystarven».

### Torbjørn Espedal og Jenny Kjøsnes

Har fått konsesjon for kvar sin ideelle halvdel for overtaking av gbnr. 99/2, Kusælen. For ein kjøpesum på 650 000 kr. Vilkåra er at overtakarane vert pålagt 5 års bu-plikt rekna frå 01.01.2014 og driveplikt i samsvar med jordlova.

*Det er valt nytt ung komunestyre i Fjaler for dette skuleåret.  
Desse skal gjere det mogeleg for ungdommar å oppretthalde aktivitetar,  
utvikle interesser og starte eigne initiativ.*

## *Ungdommens komunestyre 2012/2013*



Leonore Wünsche - varaordførar



Linda Leirpoll - skrivar



Max Secher Quorning - ordførar

Dei har 55 000 årleg til disposisjon som dei kan tildele til organisasjonar eller ungdomsinnitiativ som gjer fritida betre for denne gruppa. I tillegg skal dei vere høyringsinstans for kommunen i dei saker som vedkjem dei unge.

Desse er valt for dette skuleåret: Tormod Arstein og Lise Øvrebøe frå Våge skule. Leonore Wünsche og Max Secher Quorning frå United World

College på Haugland. Linda Leirpoll, Steffen Haugen og Kent-Marius Espedal frå Dale vidaregåande. Martine Håland og Åsta Johanne Sætenes frå Fjaler ungdomsskule.

Desse har igjen valt eit arbeidsutval med Max Secher Quorning som ordførar, Leonore Wünsche som varaordførar og Linda Leirpoll som skrivar (sjå biletet)

På dei fyrste møta i år har dei sett på

kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv og har diskutert korleis det kan verta meir samhandling mellom skulane i kommunen.

Den 12. november skal dei presentere seg for det vaksne kommunestyret.

Kultursjef Ingeborg O. Tysnes følgjer desse opp administrativt medan varaordførar Marita Solheim er den politiske kontakten.

### **KLIPPE, KLIPPE....**

#### **Sølia Kraftverk**

i Storelva på Vassdalens får dispensasjon frå arealdelen av kommuneplanen til bygging.

Vilkår for dispensasjon er:

- Minstevassføringa i elva forbi innakket skal vere tilsvarande alminnelig lågvassføring, opplyst til 140 l/s (jf. NVE sitt vedtak 27.01.10.)
- Utbygginga må utførast på ein skånsam måte, sikre god terrengtilpassing med minst mogeleg terrengrøngrep.
- Vegetasjonen i området skal så

langt det let seg gjere ivaretakast og kantvegetasjon langs elva må ikkje fjernast jf. vassressurslova §11.

#### **Tilskot frå SMIL-midlane**

Kommunalsjef landbruk har gjort slike vedtak:

- Svante Hovland - inntil 9650 kr til inngjerding av gamalt kulturgeite for sau.
- Tore Birkeflet - inntil 21 950 kr for å rydde fram eit nytt kulturminnefunn, kol/tjærmile anlegg, samt til rydding av ein eldre ferdselweg som ligg ved anlegget.

- Terje Halsnes - inntil 20 300 kr til rydding og inngjerding av gammal kulturmink til beite.

- Sonja Dingsøy - inntil 29 800 kr til rydding og inngjerding av gammal kulturmink til beite.

#### **Hans Anton Langeland**

I samsvar med plan- og bygningslova vart det gitt løyve til frådeling av ny grunneigedom frå gbnr 132/5. Arealet skal vere eit tillegg til gbnr 131/7 og den nye eigedommen må difor slåast saman med gbnr 131/7.

# Ny haust og fire nye volontørar!

Volontørtenesta vert gjennomført med støtte frå EU-programmet Aktiv Ungdom, programmet for ikkje-formell lærings.



'Youth in Action' Programme

## AKTIV UNGDOM

Å vere EVS - volontør betyr at du kan tilbringe inntil eit år heilt gratis i eit anna land, reise til og frå vert betalt, du får dekka kost og losji og får ein sum lommepengar kvar månad. Du får norskopplæring og du skal ha eit lærerikt prosjekt å jobbe i. Her fortel dei nye volontørane i Dale om seg sjølve:

### Monica

Namnet mitt er Monica-Elisabeta Lacatusu, men venene mine kallar meg Mona. Eg er frå Romania der eg gjennom bachelorstudiane mine i fysikk, var frivillig i «Romanian Association Against AIDS», ein rumensk organisasjon mot Aids. Der oppdaga eg kor kjekt det var å vere frivillig og eg bestemte meg til å prøve noko større, så eg søkte Europeisk volontørteneste. Eg valde Noreg på grunn av det fantastiske landskapet og eg ønskjer lære norsk språk og kultur å kjenne. I dette prosjektet var det mogeleg å arbeide med ungar, noko som alltid gjev deg eit nytt perspektiv i livet. Her arbeider eg i barnehage og andre små prosjekt.

### Mario

Hallo, eg er Mario, eg er den italienske volontøren! Eg arbeider på ungdomsskulen og på Vevang dagsenter og litt andre stader. Eg er 28 år og kjem frå ein by nær Milano, ein verkeleg kaotisk stad, så eg er svært glad for å vere her. Eg elskar all denne naturen og det



Hello Fjaler, here we come! Frå v.: Mona, Luis, Mario og Frauke.

fredelegelivet her for kropp og sjel, men kanskje ikkje alt dette regnet... men eg vert vel vane med det! Eg har studert filosofi, så det er difor eg kanskje likar å prate med folk og lære så mykje som mogeleg om alt. Eg er også sjonglør og gatekunstnar og har jobba mykje som det. No er eg litt uverksam, men dette året planlegg eg å ta opp att treninga, så kanskje ein dag kan eg synge noko til dykk! Eg er også ein god kokk og om de vil, kan eg lage deg ein god pasta rett! Eg er her for å lære meir om deg og landet ditt og eg ønskjer verkeleg å lære norsk. Så ver så snill, hjelp meg når du møter meg på veggen eller i butikken, stopp meg og sei nokre ord på norsk, så vil eg lære raskare!

### Luis

Som portugisisk volontør er eg svært glad for å kunne møte nordisk kultur og norske skikkar spesielt. Om eg skal nemne to hovudgrunnar for at eg valde dette landet, vil eg sei moglegheit og gammal draum. Sjølv sagt er det mange grunnar til motivasjon for dette prosjektet, men eg fyller snart 30 år og det er aldersgrensa for volontørteneste. Medan eg er i Norge, ønskjer eg å gje like mykje som eg vil lære av norske

skikkar. Eg ser fram til å vere ein del av kulturlivet, sidan målet mitt er å nærme meg kunstaktivitetar og vere med og utvikle staden for kunstnarar og besökande generelt. Kan hende kan eg låne ut ei hand til dei som vil forbetre prosjekta sine og støtte dei i å stå på. Eg ser fram til sjå Dale som ein akse for dei som vil gå den kreative sti og prøver vere synlege. Innimellom kan eg lære bort det eg kan frå handverk til sport som turn og akrobatikk. Så vil eg gjerne lære språket for å handtere daglege gjeremål

### Frauke

Eg er Frauke Schrader frå Bremen i Tyskland, eg er 18 år og skal vere volontør i Dale i eitt år. Det meste av tida skal eg arbeide på Dale vidaregåande skule. Målet mitt for dette året er å oppdage og utvikle meg sjølv gjennom å hjelpe andre og lære om ein ny kultur og eit nytt språk. Eg er open, har mykje å gje folk og vil gjerne vere ein del av det hyggelege lokalmiljøet her. Eg treng litt tid til å gjøre meg kjend og verte vane med den nye heimen min, for det er mykje som er annleis enn heime – som veret, kultur, folk etc. Men eg ser verkeleg fram til denne store opplevinga!



Reportasje  
Tormod  
Skår Midtbø

*Etter diskusjon mellom foreldra vart det klart at 10. og 9. -klasseturen til elevane ved Våge skule skulle gå til Polen og Tyskland med selskapet «Hvite busser». Vi reiste ilag med 10. klasse frå Høyanger ungdomsskule, noko vi var spente på på førehand. Ein fredagskveld i september før vi av garde mot noko som skulle verte den beste klasseturen nokon sinne. På biletet er heile gjengen samla i saltgruvene, som ligg utanfor Krakow.*

## KLASSETUR TIL POLEN OG TYSKLAND

**Dag 1 – fredag 14. september:** Fredag kveld, i sekstida, reiste vi av garde mot Sverige med blanda kjensler. Med litt tronge sete var ikkje bussturen så fæl som forventa. Bussjåføren vår (Bjarte) og turguiden (Solveig) verka veldig hyggjelege, noko vi fort la merkje til. Mørket kom overraskande fort, og dei fleste sovna etter den siste ferja mellom Fodnes og Mannheller kai.

**Dag 2 – laurdag 15. september:** Etter ei natt med därleg sovn vart eg vekt i Oslo for å få i meg litt mat. Nesten alle elevane i frå Våge gjekk klokka 7 inn på Oslo S i håp om at det var mat å få og toalett å bruke. Etter litt fotografering, ein matbit på Deli de Luca og eit godt toalettbesøk var vi i bussen igjen. Klokka gjekk til tolv og etter å ha kryssa svenskegrensa var det duka for svenske kjøttbollar. Seinare på dagen gjekk vi om bord i skipet som skulle ta oss i frå Karlskrona til Gdynia, Polen. Båten var fin når det kom til interiør, og hadde veldig «koselige» gelender. Vi fekk servert god mat, og måtte i seng tidleg.

**Dag 3 – søndag 16. september:** Klokka seks ringte klokka. Då var det berre å hive seg i dusjen og komme seg til frukostsalen. Då eg kom opp til rommet vi skulle ete i fekk eg det store sjokket; eg var aleine i frå Våge. Ingen Solveig, ingen foreldre og ingen andre elevar. Frukosten var kongelig i forhold til dei andre frukostbuffeane vi kom borti seinare på turen, med godt utval og ferske og gode varer. Vi gjekk om bord i bussen og tok (den lange) turen til Krakow. Turen inneheldt stopp på bensinstasjonar og middagsstopp. WM System Hotel Krakow stod plutsleig rett framfor oss. Bagasjen vart tatt ut og vi fekk utlevert eit romkort og ein romkamerat kvar. Berre etter ein times tid med venting og utforsking av hotellet var det tid for å ete igjen. Kylling to gonger dagleg kan eg leve med, tenkte eg, og heiv innpå. Leggetida der var endå tidlegare enn på båten. Eg påstår at både eg og Roy-Ove snorka klokka 11.

**Dag 4 – mandag 17. september:** Tidleg måndags morgon gjekk turen til konsentrasjonsleirane Auschwitz og

Birkenau. Det å komme til ein sånn leir er veldig spesielt, for det er så vanskeleg å forstå, å sjå føre seg kva som har føregått der. Ein klarer verkeleg ikkje å sette seg skikkeleg inn i det, slik som ein må for å verkelegå skjonne kor forferdeleg det var å leve under slike forhold. Kanskje er det fordi vi ikkje er modne nok, men eg trur òg det har ein samanheng med at området ser så fint ut. At det er så godt stelt. Det kan nesten sjåast som idyllisk med det grøne fine graset, sola som skin og fuglar som kvittrar dei finaste melodiar. Personleg vart eg likevel prega av det, spesielt av det eine rommet med eit glasbur fylt med eit tonn kvinnehår.

På slutten av kvar av dei to omvisingane vart det stelt i stand ein minneseremoni, der vi la ned blomar for alle dei drepne eller omkomne. Eg synst det var godt. Eg følte av eg viste at eg verkeleg brydde meg. Viste medkjensle og respekt.

Mellom dei to konsentrasjonsleirane var det lunsjpause, og etter Birkenau, middagsmat på alle mann. Vi kom heim til hotellet der mange av oss heiv oss i det vesle badebassenget som var der. Store pizzastykkje freista veldig etter to timer «under» vatn, vi gafla difor i oss så mykje vi orka. For ein dag, hugsar eg at eg tenkte når eg la meg. Etter det vart det svart.

**Dag 5 – tysdag 18. september:** Dagen før var varm, som gjorde det veldig godt å komme ned i dei kalde saltgruvene. Etter ei omvising i utruleg flotte grotter og tunnellar var det ein kort busstur, og vi var framme ved marknadspllassen i Krakow. Vi gjekk inn i ei katolsk kyrkje kalla Mariakyrkja, eller St. Mary's Basilica, som var og er noko av det vakraste eg har sett i heile mitt liv. Det var fokus på kvar minste detalj både på innsida og utsida, og utsmykkingane kunne blåse ein kvar ut døra! Den var spektakulær, rett og slett. Etter å ha bli lamslått av kyrkja fekk vi vandre nokre timer utan vaksne. Vi starta med litt mat på «Milano», ein flott restaurant med mykje god mat. Så gjekk turen vidare til Galleria Krakowska, men ikkje i buss. I hest og kjerre.

Resten av dagen gjekk til shopping og middag med ei

såkalla folklore framvising. Der vi vart bydd opp til dans av polske kvinner og menn, og måtte danse tradisjonell polsk dans. Når vi kom på hotellet forsøkte vi å vere mest mogleg sosiale. Eg og ein gjeng i frå Høyanger vart kjend med masse kjekke folk i frå Odda.

**Dag 6: onsdag 19. september:** Heile onsdagen gjekk med til køyring. Vi starta tidleg med snuten retta mot Berlin. Det var fleire matstopp undervegs, slik at vi aldri var heilt tomme i magen. Vi stoppa i ein liten by som kunne minne om Åsane i Noreg, sida det var to store kjøpesenter og nesten ingen hus omring. Vi var mange som gjekk på pizzahut og Starbucks. Berolina Airport hotell venta på oss då vi kom til Berlin, med fine, store rom og heilt grei mat.

**Dag 7: torsdag 20. september:** Berlin er ein stor by, med store avstandar, så vi fekk guida tur med bussen. Vi hadde nokre stopp, mellom anna var vi ute og så på ein rest av



Berlinmuren. Vi fekk også sjå Brandenburger Tor og eit slags museum der det var bilete, filmar og tekstar i frå den andre verdskrigen. I sjølve Berlin vart vi delte inn i fleire grupper, og kunne gå der vi ville. Som i Krakow gjekk vi ikkje på shopping med rumling og skriking i frå mageregionen, og åt difor mat på det tyskarane kallar «kneip», ei kro med veldig høg standard. Fleirfaldige timer gjekk med til shopping. Slitsamt, men kjekt! Vi avslutta shoppinga med ein kaffikopp på Starbucks og etter litt meir «cityseeing» med Solveig, eit par drinkar og ein flott is. Vi rakk ikkje å slappe mykje av då vi kom tilbake til hotellet vårt før maten var klar. Vi måtte nærmast sluke maten og komme oss i seng grunna tidleg leggetid (!!).

**Dag 8: fredag 21. september:** Fredag var ein småleg hektisk dag. Vi måtte tidleg opp, for det var mykje vi skulle rekke. Etter frukost lasta vi bagasjen om bord i bussen og

køyrd eit ganske kort stykke for å komme til Sachsenhausen, og etter ein kort køyretur til, Ravensbrück. Både først- og sistnemnte er på mange måtar like på Auschwitz og Birkenau. I grove trekk var einaste ulikskapen i typen fangar i leirane. Sachsenhausen med politiske fangar og Ravensbrück som var «kvinnelæiren». Etter omvising i leirane fekk vi servert god mat(ikkje kylling for ein gongs skuld) og drikke. Vi måtte skunde oss inn i bussen igjen, slik at vi skulle rekke båten som skulle ta oss over til Sverige. På båten fekk vi streng beskjed om å ikkje gå i gangane etter klokka 22, men vi fekk endelig ei seinare leggetid. Vi åt spaghetti nesten med ein gang vi kom om bord. Etter det var det tid til å ta ein lang dusj, gå i taxfree-butikken og kose seg på båten. Vi sov klokka eitt.

**Dag 9: laurdag 22. september:** Vi måtte grytidleg opp, då frukosten opna allereie klokka seks og vi skulle køre i frå hamna mellom halv sju og sju. For andre gang på båten (for fjerde gong til saman) var eg den første til å entre rommet vi skulle ete i. Det var mykje mat å velje i, og vi kunne ete så mykje som ønska. Resten av dagen brukte vi på å køre i frå Sverige til Noreg. Vi hadde fleire stopp både i Noreg og Sverige, der vi fekk/kjøpte mat på tre av fire av dei. På bussen heim satt eg heile tida med ei i frå Høyanger eg fekk god kontakt med, snakka og tøysa til bussturen var over. I Høyanger måtte vi dessverre ta farvel med dei vi vart kjende med, utruleg trist, for så å ta minibussen heim til Våge.



Då vi kom fram stod foreldra våre og venta på oss, vi takka kvarandre for turen og reiste heim til oss sjølve for å få ei god natt (og mykje delar av dagen) søvn.

Eg har hatt ein utruleg flott tur med folk eg aldri kjem til å gløyme, og sit igjen med mange gode minner. Ein blir knyta til andre når ein er med kvarandre heile tida i ein viss periode, slik som i ein klassetur.

Eg kan legge handa på hjartet og sei at eg aldri har opplevd liknande. At eg aldri har opplevd så stor glede, og har hatt det så kjekt i heile mitt liv. Turen kjem til å bli hugsa. Hugsa som den beste klasseturen nokon sinne.

Til venstre: Mariakirke i Krakow.  
Til høgre: Stemninga var på topp heile tida!  
Tormod Skår Midtbø og Sofie Arstein.

# Fjaler 100 år

Kommunenamnet «Fjaler» er 100 år i år og BRUA markerer jubileumsåret! Dei 100 åra som er gått, er delte inn med tidsbilete av ein ordførar og ulike foto. Sist tok vi for oss tida rundt 1912. I dette nummeret tek vi nokre «dykk i arkivet» i tida før og etter 1950, spesielt om arbeidsliv og vegutbygging. Det er berre ein liten snakebit og ikkje utfyllande på nokon måte.

Folketal i Fjaler 1950: 3 871.

## Ordførarar på denne tida

Kyrkjesongar og lærar Ragnvald Fagerheim hadde sin ordførarperiode 1935-40 og 14/8 1945-49. Han vart avløyst av bonde og kaptein Søren K. Hauge med ordførarperiode 1941 - 8/2 1942 og 1948 – 1959. Bonde D.M. Huustveit sat i ein kort periode i august 1945.

Under 2. verdskrig var ordførar innsatt av krigsmakta i perioden 1942-45.

## Arbeid

På Skofabrikken hadde talet på tilsette midt i 1950-åra auka til omkring 150 og nådde om lag 180 arbeidarar og funksjonærar i 1973. Samtidig auka produksjonen ved A/S Jarl, som fabrikken heitte då, frå kring 170 000 par i 1955 til om lag 300 000 årleg tidleg på 1970-talet. Men frå då av og utetter var skobransjen hardt utsett for utanlandsk konkurranse.

Skiproduksjonen på Åsnes starta i 1922. Mot slutten av 1930-åra kunne produksjonen aukast, ikkje minst etter ei tinging på 1800 par ski frå Forsvaret. Sjølv om fabrikklokalata vart totalskadde i brann i 1948, vart dei bygde opp att. Produksjonen gjekk godt trass problem i 1950-åra, og med vefsamband til bygda i 1968 auka optimismen. På det meste hadde fabrikken opp i 70 tilsette. Frå 1970-talet og utetter vart konkurransen stading hardare.

I byrjinga av 1950-åra hadde dei to

tønnefabrikkane i Dale kvar 20-30 tilsette og ein årsproduksjon på 50 000 sildetønner, og dessutan stor produksjon av trantønner. Men sildeeventyret skulle ikkje vare evig. I 1960-åra minka fangstane dramatisk og kring 1970 var det heilt slutt. Samstundes tok plasttønnene over og utkonkurrerte tretønnene. Dale Tønnefabrikk heldt ut lengst, den siste tida ved å produsere tønner til bruk som møblar. Men då fabrikken brann ned i 1987, var det heilt slutt med produksjon av tønner i Dale og Norge.

## Grenseregulering

I 1942 skjedde ei lita grenseregulering mellom Guddal og Vadheim ved at gardane Skitnevik og Byrkjosen, som ligg ved Vikavatnet på fjellet aust i Guddalen, vart ført over frå Fjaler til dåverande Kyrkjebø kommune (seinare Høyanger kommune).

Ved kommunereguleringa i 1964 skjedde ingen endringar i Dalsfjord-regionen. Dette hadde samanheng med at vegnettet enno ikkje var bygd ut: Sjøferdsla gjorde det framleis naturleg at kystbygdene på sørsida vart verande i Askvoll kommune, medan nordsidebygdene Vårdal, Holmedal og Rivedal kjende seg mest heime i Fjaler kommune.

## Vegutbygging

Vegen Osen-Dale vart offisielt opna i 1959, etter arbeid på veganleggjaget sidan 1938. Frå no kunne ein køyre bil frå Dale til Bygstad, og ein slapp å bruke båt. Fram til opninga var det berre sjø-



Ordførar Ragnvald Fagerheim og Søren K. Hauge. Avfotografering: David Zadig.

vegen som knytte Fjaler til resten av Sunnfjord fordi det heller ikkje var veg langs Sognefjorden mellom Lavik og Vadheim før i 1958. På det meste var over 60 mann i arbeid på vegen og i tunnell-arbeidet. Dei kom frå bygdene omkring og det var kjærkome arbeid for ungdomen på bygda. Ca 1950 var løna eksempelvis kr 4,29 pr time og i tunnell kr 5,50. Under krigen var det berre periodevis med arbeid og det tok også lang tid – kring 20 år - å gjere denne veglina ferdig. Løyvingane var små og det var også drøftingar på kor veglina skulle gå.

«Osen-Dale i Gaula og Fjaler er oppført på budgettforslaget for 1938-39. som det viktigste ordinære nye anlegg i Sunnfjord. Som ledd i en nord-sydgående sambindingsvei vil det være heldigst å velge Sveen som utgangspunkt; men det forutsetter jo en kostbar bru over sundet ved Sveen. Veien har dog tillike en viss betydning for trafikken fra sydsiden av Dalsfjorden til Indre Sogn. Anlegget er oppført i rekkefølgen av 1919.»

Veg Flekke-Fure vart opna i 1959. Mellom Gjølanger og Hellevik vart det bygt ny veg i 1971, og på den eldste strekninga mellom Tysse og Flekke vart det bygt ny veg i 1975.

Straumsnes fekk vefsamband med omverda først i 1971, sjølv om vegarbeidet hadde starta i 1948.

«Flekke-Straumsnes i Fjaler danner et ledd i den ytre Vestlandslinje. I følge forslagene fra Fjaler herredstyre og Sunnfjord samferdselsnevnd synes forutsatt at linjen skal føre over Dale med ferje til Eikenes. Den mest direkte linje går utvilsomt over Straumsnes

og Holmedal. I rekkefølgen av 1919 er oppført Rennestraum-Fagervik»

I kursiv: Utdrag frå fylkestinget, signert Hermansverk 31. mai 1937, Knud Knutsen

#### Kampen om Dalsfjordsambandet

Planane om å knyte bygdene på nordsida og sørsida av Dalsfjorden saman vart på 1960-talet fremja som krav om veg mellom Eikenes og Laukeland på nordsida av Dalsfjorden, slik at det vart vegsamband heile fjorden rundt. I 1962 vart det samla 1200 underskrifter til støtte for dette prosjektet. Fylkestinget prioriterte dette vegsambandet på første plass av riksveganlegga i 1967. I mellomtida hadde planane om vegsamband for Askvoll langs Førdefjorden dukka opp. Kommunestyret i Askvoll kløyvde seg på midten i synet på lineval, og eit folkemøte i Askvoll kravde dessutan at Askvoll-halvøya måtte få vegutlösinga mot nord, langs Førdefjorden. Denne splittinga internt i Askvoll førde til at statsløyvingane til vegsambandet på nordsida av Dalsfjorden vart strokne i 1971.

#### Dalsfjordbrua

I 1973 vart Norsk Vegplan revidert, og no kom Dalsfjordsambandet inn att i ei revidert form: Staten ville no bygge veg frå ferjeleiet på Eikenes og austover til Otterstein og setje opp eit mellombels ferjesamband mellom Otterstein og Dale inntil bru over fjorden frå Otterstein til Nishammaren vart bygd. Planen tok sikte på at bruа kunne stå ferdig kring 1981.

I 1975 starta Vegvesenet bygging av vegen innover frå Eikenes mot Otterstein. Til saman vart det bygd fire kilometer veg og tunnel før arbeidet vart stoppa. Stortinget gjekk i 1981 inn for å overføre løyvingane frå Dalsfjord-sambandet m.a. til bygging av bru over Norddalsfjorden i Flora kommune, veg langs Hyefjorden og vegutbetringar i Hyllestad. «Skandalevegen», som hadde kosta 13 millionar kroner, sto heretter unytta i perioden vi omtalar her.

Det var historien fram til aksjonsgruppene tok til å arbeide iherdig på 80- og 90-talet for å få Dalsfjordbrua inn att på statsbudsjettet, og brukravet har stått gjennom mange stormar når fylkestinget på 2000-talet gjorde prioriteringar for riksvegbudsjettet.

Kjelder: Fylkesarkivet/ Kulturhistorisk leksikon, NRK fylkesleksikon og «Riksveg 57 Osen-Dale 50 år» av S. O. Nistad



*Her er tunnelen i Dale akkurat opna, om ikkje offisielt, og Alma f. Fosseidal Haugland, måtte ta med gutane Svein og Atle og sjå. Året er ca 1955. Fotograf: Astrid Fosseidal. Utlånt frå Fylkesarkivet.*



*Frå vegarbeid Osen - Dale, 1938-1958, ved Nishamrane. Vi ser Petter Strand, Elias Ålen, Matias Bjørvik, Lasse Brekke , Kristian Sætenes , Karl Neumann , Konrad Nybø , Ola Skudal , Artur Korsvoll , Matias Bjørvik , Olai Birkeland , Albert Nistad og Elias Strandenes. Fotograf: Ukjend, utlånt frå Fylkesarkivet.*

#### Lær om fortida og ta den med deg inn i framtida!

For deg som nettbrukar er det fleire vegar til informasjon: I fylkesarkivet kan du søke opp bilete og lese i kulturhistorisk leksikon, og du kan lese i NRK sitt fylkesleksikon. Kvart år gjev Fjaler sogelag ut sogehefte og Fjaler Lions Club kalender med lokale bilete. No finn ein også mange bilete og tekstar på Fjaler Origo og på Facebook. Lokalhistoriske bøker og skrifter får du kjøpt ved Sørviskontoret på Fjalerhuset. Kanskje eit julegåve-tips? Elles er biblioteket alltid hjelpsame!

Returadresse: Fjaler kommune, pb 54, 6961 Dale i Sunnfjord

## VIKTIGE TELEFONNUMMER:

### SMISO

*Støttesenter for incest og seksuelle overgrep*  
Tlf. 800 57 000

[www.smiso.no](http://www.smiso.no)

**OVERGREPSMOTTAKET FOR SOGN OG FJORDANE**  
Førde sentralsjukehus  
Tlf. 57 83 90 00

**ALARMTELEFON FOR BARN OG UNGE**  
Tlf. 116 111

### ER DU REDD NÅR DU ER HEIME?

*Blir du utsett for vold eller overgrep?  
Eller rusar dei vaksne seg?  
Du kan ringe gratis på 116 111. Vi kan hjelpe deg.  
Ring øg dersom du trur at nokon har det slik.*

**FJALER LEGEKONTOR**  
Tlf. 57 73 81 80

**Øyeblikkeleg hjelp, lege:** 57 73 81 90

**Sys interkommunale legevakt**  
Tlf. 57 73 81 90

**Sørviskontoret, Fjaler kommune:** 57 73 80 00  
**Teknisk vakt (heile døgnet), Fjaler kommune:** 95 18 35 15

**Skatt Vest:** 800 80 000    →    **ope 09.00–15.00 heile året**  
**NAV Fjaler:** 55 55 33 33

## KRISEENTERET I SOGN OG FJORDANE

*Opplever du fysisk eller psykisk mishandling frå ektefelle, kjæraste, partner, born, foreldre eller andre som du har nær relasjon til?*

*Dette er ein vond og slitsam kvardag. Kanskje er valden stille og utan synlege skadar, vondt er det likevel. I slike situasjonar aukar behovet for tryggleik og omsorg. Du treng nokon å snakke med, ein person som lyttar til deg og som trur det du fortel.*

*Kriesenteret kan hjelpe deg.  
Døgnvakt på telefon 57 74 36 00*

[www.kriesenteret.sf.no](http://www.kriesenteret.sf.no)

## RUSETTERVERNET

### RUSETTERVERNET I SOGN OG FJORDANE

*Fylkessekretær tlf. 948 34 493  
Styreleiar tlf. 415 07 533  
epost: post@rusettervernet.no  
heimeside: www.rusettervernet.no*

*Redningsvesten etterverngruppe i  
HAF5-kommunane for tidlegare rusmisbrukarar  
Kontakt Leif Roald Skår  
Tlf. 975 89 795  
Epost roa-skaa@online.no*

*Redningsplanken pårørrandegruppe  
Kontakt Dagfrid Mågerud  
tlf. 906 92 667*

**Sjå [www.fjaler.kommune.no/](http://www.fjaler.kommune.no/) Kva skjer?  
for oppdatert kalender**

**Gudstenester m.m. finn du i Kyrkjeblad for Fjaler og på [www.fjaler.kyrkja.no](http://www.fjaler.kyrkja.no)**